

3/11-09 ellespurd.
B**Næss, Bent Gunnar****Fra:** Næss, Bent Gunnar**Sendt:** 27. august 2009 11:00**Til:** Helge Thorsen; Jens Bjordal**Emne:** Kontrollutvalet - brev frå Midtre Holsenøy Grunneigarlag

Har dere nokon kommentarar i tillegg til dei spørsmåla som er satt opp nedenfor.

Mvh

Bent Gunnar Næss

Fra: Anny Bastesen**Sendt:** 27. august 2009 08:27**Til:** Næss, Bent Gunnar**Kopli:** Helge Thorsen; Jens Bjordal**Emne:** SV: Kontrollutvalet - brev frå Midtre Holsenøy Grunneigarlag

Her kan eg berre svare slik eg har fått det forklart, på nokre av punkta.

Det er ikkje noko Inngåande eller utgåande skriv vedk. denne erklæringa, som ikkje er registrert i arkivet, og saksutgreiing er ikkje vurdert å vera nødvendig for denne grunneigarerklæringa. Det handlar om eit arbeid som er utført der nokre kommunale eigedomar er berørt, som er vist på kartet eg sende. Ordlyden " Eg / vi har ingen merknader til" var sett opp på førehand, og er knytt til avtalen i 2005, som erklæringa viser til.

Ordlyden kan kanskje misforståast, men frå kommunen sin representant si side har det ikkje vore kopling mot konsesjonsvilkåra, berre mot vilkåra for å benytte dei nemnde eigedomane under arbeidet.

Bjordal sorterer direkte under rådmannen og opptre på vegne av rådmannen i ulike saker. Dersom det er nødvendig med fleire opplysningar om dette, bør dei kontaktast direkte.

Mvh Anny Bastesen